

PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 03/25

Styremøtet 03/25 blei gjennomført onsdag 12.02.25 på Teams. Møtet starta kl 20:00 og vart avslutta 21.17

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem		x	
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		
Helene Fraas, rådgiver inkludering	x		Var med på behandling av sak 11/25

Sakliste:

- Sak 08/25: Godkjenning av møteinnkalling og saksliste
- Sak 09/25: Godkjenning av protokoll frå styremøte 01/25 og 02/25
- Sak 10/25: Førebels budsjettforslag 2025 og førebels rekneskap 2024
- Sak 11/25: Høyring: Idrettens nasjonale tiltaksplan mot økonomiske barrierer
- Sak 12/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

Sak 08/25: Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Vedtak: Møteinnkalling og saksliste godkjent

Sak 09/25: Godkjenning av protokoll fra styremøte 01/25 og 02/25

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 01/25 og 02/25

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 01/25 og 02/25 godkjent**

Sak 10/25: Førebels budsjettforslag 2025 - førebels rekneskap 2024

Saksunderlag: Utkast budsjettforslag 2025

Kommentarar:

Rekneskapen for 2024 er klar for revisjon, og resultatet viser eit underskot på kr 247.305. Dette er godt under budsjettet for 2024, som var eit underskot på kr 625.500.

Administrasjonen er godt nøgd med resultatutviklinga i eit utfordrande år med flytteprosess, nye tilsetjingar og oppretting av ny rekneskapsavdeling. Ser ein på enkeltpostar, er det i stor grad auka renteinntekter er hovudårsaka til eit betre resultat enn budsjettet. På sikt vil utfordringa vere eit betydeleg driftsunderskot som førebels vert dekt inn av renteinntekter. Reduksjon av desse renteinntektene vil i framtida måtte kompenseras av auka inntekter eller reduksjon av kostnader. Administrasjonen vil ha fokus på dette i tida framover. Avdeling OLTV viser eit overskot på kr 318.602, noko over budsjett. Dei har hatt overskot over tid, og det er kommunisert at dei kan sjå etter område å styrkje i avdelinga. For avdeling TIP er rekneskapen gjort opp i balanse, og mindreforbruket/overskotet på kr 101.683,71 er lagt til avsetninga for avdelinga i balansen.

Budsjett 2025:

Det førebelse budsjettet er sett opp med eit underskot på kr 333.000, i tråd med vedteke langtidsbudsjett i kretstinget. Dei fleste store inntektene er verifiserte, og vi manglar eksakt rammetilskotet og kompetansetilskotet frå NIF. Budsjettet viser at vi innanfor rammene skal kunne gjennomføre den planlagde drifta for 2025.

Vedtak: **Styret tek førebels budsjettforslag 2025 og førebels rekneskap 2024 til orientering**

Sak 11/25: Høyring: Idrettens nasjonale tiltaksplan mot økonomiske barrierer"

Saksunderlag: Høyring: Idrettens nasjonale tiltaksplan mot økonomiske barrierer.
Bakgrunnsinformasjon Vestland idrettskrets til Idrettens nasjonale tiltaksplan mot økonomiske barrierer

Kommentarar:

Det er gjort eit bra arbeid med idrettens nasjonale tiltaksplan mot økonomiske barrierer, administrasjonen innstiller på følgande innspel.

Linje 424 – 426: Forslag: Økonomisk støtte til kontingent (treningsavgift og medlemskontingent) bør likestilles med allerede fungerende ordningar som strømstøtte og husleiestøtte; Søker/klient leverer regning til sin saksbehandler/Nav, eller leverer kvittering på betalt kontingent og får deretter tilbakebetalt.

Generelt: Stiller oss bak Barneombudets anbefaling om en styrking av samarbeid mellom stat, idrett og frivillighet for å senke barrierer for deltakelse, og vi ser behovet for en strømlinjeformet ordning for dekning av kontingent for målgruppen.

Presisere at ein må vere bevisst korleis ein omtalar idretten, kva retorikk ein vel i saker der det fokuserast på kostnader i idretten, slik at ikkje idretten framstår som dyrare enn den faktisk er.

Vedtak: Styret støttar administrasjonen sitt forslag til høyringsinnspel, til "Idrettens nasjonale tiltaksplan mot økonomiske barrierer" med dei kommentarar som kom i styremøtet. Innspela kan sendast inn til NIF på vegne av Vestland idrettskrets.

Sak 12/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

- Orienteringssaker, skriv og meldingar:
 - Kort status drift
 - Status arbeid i ungdomsutvalet v/Magnus
 - Referat IKSU møte 14.01.24

- Høyringsinnspel Godt styreset
- HMS
- o Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena
 - Idrettsgalla i Trondheim 3-4. Januar: Kretsstyret med unntak av Lasse Lerum og Ungdomsutvalet deltok.
 - Vestlandsmøtet i Bergen 10. Januar. Nils R. Sandal og Randi Marie Farnes deltok.
 - Samling og utdeling straumsmarte idrettsanlegg, Sandane 21. Januar: Nils R. Sandal, Randi Marie Farnes og Ronny Lockert deltok.
 - Frivillighetsgalla Bergen Vest Svømmeklubb og Stevne Bergen AS 24. Januar: Nils R. Sandal og Anne Kristine Aas deltok.
 - Anleggskonferanse Håndballforbundet i Oslo 29. Januar: Nils R. Sandal og Ronny Lockert deltok
 - Balansekonferanse i Bergen 30. Januar. Magnus H. Hartwig, Tone Stavland og Anne Grethe Naustdal deltok saman med fleire frå administrasjonen.
 - Besøk av idrettspresident Zaineb Al-Samarai på Energisenteret for barn og unge i Bergen 6. Februar: Nils R. Sandal og Randi Marie Farnes deltok

Randi Marie Berntsen Farnes
Organisasjonssjef